

Helsedirektoratet
Postboks 7000 St. Olavs plass
0130 Oslo

Årsrapport 2022

Sámi dearvvašvuodadutkama guovvdáš - Senter for samisk helseforskning

1 Innleiing

Sámi dearvvašvuodadutkama guovvdáš - Senter for samisk helseforskning (SSHF) blei etablert i 2001 med formålet å drive tverrfagleg og interdisiplinær forskning og utviklingsarbeid innan helse og levekår for den samiske befolkninga spesielt og den nordnorske befolkninga generelt. I 2021 fylte derfor senteret 20 år. Grunna pandemien blei feiringa utsett til 2022, og i år fekk senteret ei storslagen feiring av 20 år med forskingsproduksjon.

Senteret driv i hovudsak med epidemiologisk forskning, men har også kvalitative forskingsprosjekt. I 2022 har senteret fullført ei større kvalitativ intervjustudie som del av SAMINOR 3. Store delar av året har gått med til å førebu og sikre finansiering til del 2 av SAMINOR 3, ei omfattande helse- og levekårsundersøking. SAMINOR 3 har planlagd oppstart i oktober 2023.

2 Organisering av SSHF

2.1 Senterråd

Senterrådet blei oppretta i 2020. Senterrådet skal gi innspel og diskutere drift og utvikling av senteret. Senterrådet har rådgivande myndigheit. Fagleg leder av senteret er ikkje formelt bunden av innspel frå rådet, men følger anbefalingane så langt som mogleg.

Senterrådet består av følgande institusjonar og medlemmar:

- Sametinget, Gunn Kristin Hætta
- Leiar ved Institutt for samfunnsmedisin (ISM), Torkjel Sandanger

- Samisk legeforening, Barbro Lill Hætta (leiar av senterrådet)
- Sami allaskuvla (Samisk høgskole), Solveig Joks
- Senter ved ISM, Anette Fosse, Nasjonalt Senter for Distriktsmedisin (NSDM)
- Tilsett SSHF, Susanna Ragnhild Siri

2.2 Stillingar og ressursar

SSHF er eit lite senter med få årsverk, både når det gjeld administrative stillingar og forskarstillingar. I 2022 hadde senteret i gjennomsnitt 11,3 årsverk fordelt på 19 personar. Omtrent 5 årsverk er finansiert av grunnløyvinga til senteret.

2.2.1 Fagleg leiar

Ved utgangen av 2022 hadde senteret ein fagleg leiar i 90 % stilling, som har godkjent professorkompetanse som forskar 1. I og med at senteret er eksternt finansiert, og ikkje har ansvaret for undervisning, kan det ikkje gjerast opprykk til ordinært professorat, men til forskar 1 som er på same nivå. SSHFs faglege leiar er også leiar av SAMINOR.

2.2.2 Senterets tilsette i 2022

Andre stillingar på senteret i 2022:

- professor frikjøpt frå Institutt for samfunnsmedisin
- 12 forskarar (stillingsbrøkar frå 10 til 100 %)
- 5 teknisk-administrative eller administrative stillingar

2.3 Kontor

Senteret har delt hovudkontor ved Várdobáiki samiske senter i Dielddanuori suokhan/Tjeldsund kommune og ved Institutt for samfunnsmedisin, UiT Noregs arktiske universitet i Tromsø. I tillegg har ein forskar i full stilling hatt hovudarbeidsplass ved OsloMet og ein administrativ tilsett har sidan juni 2022 hatt arbeidsplass i Oslo. Vi har også forskarar i mindre stillingar som har kontorplass ved sine hovudarbeidsplassar i Levanger, Umeå og Karasjok.

3 Forskingsaktivitetar i 2022

SSHF driftar og har ansvaret for fleire forskingsprosjekt. Senteret sin største forskingsportefølje er SAMINOR. I tillegg driv senteret prosjekta «Perspektiv på covid-19 i samiske samfunn i Noreg» og «Fra bygd til by». SSHF er også ein aktiv deltakar i GIDA Sápmi, eit samisk nettverk under The Global Indigenous Data Alliance (GIDA), som jobbar for å sikre urfolks rett til sjølvbestemming over eigne data.

På førespurnad frå Kvinnehelseutvalet bidrog SSHF i 2022 med tekst om samisk kvinnehelse som er inkludert i NOU 2023:5 Den store forskjellen – Om kvinners helse og

betydninga av kjønn for helse. Senteret er og i gang med å utarbeide tekst om helsa til samar til Folkehelseinstituttets folkehelse rapport.

Dei kvalitative prosjekta «Fortellinger om helse» og «Kvinner i reindriften», som begge er del av SAMINOR, gjennomførte 60 intervju i løpet av 2022. Rå-resultat frå desse intervju har vore viktige grunnlag for planlegging av spørjeskjemaet i SAMINOR 3. Det vil forskast vidare på dette datamaterialet i åra som kjem.

Den vitskapelege produksjonen i 2022 ber preg av at nær alle forskarane på senteret har deltatt aktivt i planlegginga av SAMINOR 3. Likevel har tilsette på senteret publisert 10 vitskapelege artiklar, skrive 7 populærvitskapelege publikasjonar/kronikkar og 31 arbeid i kategorien føredrag/konferansebidrag. Vi har også markert 20-årsjubileet vårt med publikasjon av ei populærvitskapeleg bok (sjå kapittel 3). Detaljert informasjon om publikasjonane ligg ved i ei eiga publikasjonsliste frå senteret.

3.1 SAMINOR

Helse- og levekårsundersøkelsen i områder med samisk og norsk bosetting – SAMINOR er den største forskingsporteføljen til SSHF. I tillegg til eiga forskning, er senteret ansvarleg for planlegging av og innsamling og forvaltning av data som også gjerast tilgjengeleg for forskarar utanfor senteret. Eit stort arbeid for SSHF i 2022 har vore å søke finansiering til SAMINOR 3 og planlegge undersøkinga. SAMINOR 3 skal sjå på følgande kliniske mål og biologiske prøver:

Blodtrykk og puls	Fysiske tester for 70+	Høyde, vekt, livvidde og hoftevidde
Kognitive tester for 70+	EKG (hjertefunksjon)	Spirometri (lungefunksjon)
Gripestyrke	Blodprøver	Urinprøver

Figur 1. Oversyn over kliniske mål og biologiske prøver i SAMINOR 3. Kliniske mål i mørk farge og biologiske prøver i lys farge.

Spørjeskjemaet vil ha følgende tema:

Sykdommer og plager	Mestring	Livskvalitet	Tobakk
Arbeid	Fysisk aktivitet	Bruk av helse- og sosialtjenester	Funksjonsnedsettelser
Diskriminering og rasisme	Religion	Fornøydhet med helse- og sosialtjenester	Oral helse
Resiliens	Kosthold	Seksuell orientering	Legemiddel
Selv mord	Historiske traumer	Natur, klima og miljø	Sivilstand
Covid-19	Vold og overgrep	Kultur	Primærnæringer
Utdanning	Overgangsalder	Trygghet	Alkohol
	Alternativ behandling	Økonomi	

Figur 2. Oversyn over planlagde tema i spørjeskjemaet i SAMINOR 3.

3.1.1 Styringsgruppe

Styringsgruppa for SAMINOR hadde møte 10. november 2022. Sentrale institusjonar og organisasjonar er representerte. Styringsgruppa skal bidra til å sikre ressursar, forsvarleg drift, strategisk og fagleg utvikling av SAMINOR. Styringsgruppa tar stilling til og vedtar:

- Større, prinsipielle og strategiske saker
- Budsjett og årsplan for SAMINOR
- Nye datainnsamlingar i SAMINOR og sikring av økonomiske garantiar til dette

Medlemmar:

- ISM: instituttleiar Torkjel Sandanger (leiar av styringsgruppa)
- Sámediggi: Eirik Larsen (fast medlem)
- Helse Nord: Tone Kristin Amundsen (fast medlem)
- KS – Kommunesektorens organisasjon: Robert Isaksen (fast medlem)
- Troms og Finnmark fylkeskommune: Kristina Forsberg (fast medlem)

- Sørsamisk helsenettnettverk: Anne Lajla Westerfjell Kalstad (fast medlem)
- Ekstern forskar: Bent-Martin Eliassen, Nord Universitet (fast medlem)
- Tilsettrepresentant: Marita Melhus (fast medlem)
- ISM: Therese Haugdal Nøst (varamedlem)
- Sámediggi: May-Torill Hætta Siri (varamedlem)
- Helse Nord: Tove Klæboe Nilsen (varamedlem)
- KS – Kommunesektorens organisasjon: Tom Mikalsen (varamedlem)
- Troms og Finnmark fylkeskommune: Rita Hennie Bakken (varamedlem)
- Sørsamisk helsenettnettverk: Jenni Valseth (varamedlem)
- Ekstern forskar: Berit Schei, NTNU (varamedlem)
- Tilsettrepresentant: Astrid M.A. Eriksen (varamedlem)

3.1.2 Resultat og status SAMINOR

SSHF har brukt store ressursar i 2022 på å planlegge og sikre finansiering til SAMINOR 3. Ein ny runde med datainnsamling er heilt essensielt for å sikre eit godt nok og oppdatert kunnskapsgrunnlag om helsa til den samiske befolkninga. Arbeidet har resultert i løyvingar gjennom statsbudsjettet, frå fylkeskommunar og frå Helse Nord.

Undersøkinga er planlagt gjennomført i 49 kommunar. I 2022 har SSHF arbeidd for å utarbeide spørjeskjema, planlegge og kjøpe inn til kliniske undersøkingar, ha møte med kommunar for å førebu innsamlinga, med meir. Arbeidet er godt i rute til oppstart oktober 2023.

I 2022 har vi fullført datainnsamlinga til del 1 av SAMINOR 3, ei kvalitativ intervjustudie. Vi har invitert personar med ulik etnisk bakgrunn frå ulike stader til å delta. Målet er å kartlegge kva befolkninga meiner er relevant å undersøke i ei helseundersøking.

I 2022 kom det ikkje ut vitskapelege artiklar basert på SAMINOR-data. Vi har hatt eit stort fokus på formidling av tidlegare resultat og metode frå SAMINOR, og dette har blitt presentert ved mange konferansar, seminar og møte.

Det er 11 pågåande forskingsprosjekt som brukar data frå SAMINOR, både av interne forskarar på senteret og eksterne forskarar. Det er derfor eit omfattande samarbeid mellom SSHF og mange forskarar tilknytt både UiT Noregs arktiske universitet og andre forskingsinstitusjonar.

SAMINOR-data er ein viktig bidragsytar til det store fellesprosjektet «*Healthy choices*»/Sunne val for alle, der mange befolkningsstudiar bidrar med datagrunnlag. Sunne val for alle fekk løyva 50 millionar frå Noregs forskingsråd i 2019. Leiar for SAMINOR sit i leiinga til Sunne val for alle og er ansvarleg for ei av arbeidspakkane i prosjektet kalt «*Identify resilient and vulnerable individuals and target interventions*» der data frå SAMINOR 1

og 2 er inkludert. Senteret har fått midlar frå Sunne val for alle til å finansiere ei post.doc.-stilling med tema «Vold i nære relasjonar». Forskaren starta i stillinga 1. januar 2020 og har publisert to artiklar i internasjonale tidsskrifter, begge publisert i 2021. Ein tredje artikkel er sendt til tidsskrift og ein fjerde er under arbeid. Post.doc.-prosjektet var finansiert ut 2022.

SSHF har bidratt med resultat frå SAMINOR til ein eigen nettressurs ved UiT Noregs arktiske universitet om helse og levkår i samiske samfunn. Nettressursen Reaidu er opent tilgjengelig, og har blitt ferdigstilt i 2022. Senteret har ved fleire høve presentert ressursen på seminar, til utdannarar med meir. Heile ressursen finst på <https://result.uit.no/reaidu/>, mens direktekoplinga til hesedelen er på [Helse | Reaidu \(uit.no\)](#).

ISM har etablert ei felles forvaltingseining for dei fire befolkningsbaserte helseundersøkingane SAMINOR, Tromsøundersøkelsen, Kvinner og Kreft og Fit futures. Dei fire undersøkingane samarbeider om administrative og tekniske rutinar, noko som er nyttig for alle parter og gjer kvar av undersøkingane mindre sårbare. Dei faglege vurderingane rundt bruk av data ligg hos kvar enkelt undersøking, og forvaltinga blir framleis gjort av teknisk-administrativt personale frå SSHF. To av dei tilsette på senteret deltar i forvaltingseininga i 20 % stilling.

3.2 Perspektiv på covid-19 i samiske samfunn i Noreg

Perspektiv på covid-19 i samiske samfunn i Noreg er del av eit internasjonalt samarbeidsprosjekt om covid-19 i urfolkssamfunn i Arktis. Prosjektet har utspring i eit Arktisk råd-prosjekt, og det internasjonale samarbeidet har blitt særst forseinka grunna stans i arbeidet til Arktisk råd i etterkant av den russiske invasjonen av Ukraina.

Den norske delen av prosjektet har likevel følgd den opphavlege tidsplanen. I 2022 har datainnsamlinga blitt fullført og store delar av materialet er ferdig analysert. Arbeidet med sluttrapporten er godt i gang, og rapporten skal ferdigstillast i 2023. Prosjektet har blitt presentert på fleire seminar og konferansar, både nasjonalt og internasjonalt.

Nettlink til prosjektet (norsk, sørsamisk og engelsk): https://uit.no/project/samicov_no

3.3 Andre prosjekt

3.3.1 Fra bygd til by

«**Fra bygd til by**» er ein studie som ser på korleis demografiske, sosiale og kulturelle endringar påverkar individ sin evne til å halde på kulturell bakgrunn og tilhøyrslø. I tillegg gir studien meir kunnskap om helse og levkårsrelaterte tema i ei fleiretnisk befolkning i norske byar. Det er både gjennomført ein registeranalyse og ei spørjeundersøking. Spørjeundersøkinga blei gjennomført i 2014, og det har tidlegare blitt skrive artiklar,

rapportar og bokkapittel om studien. Studien har også blitt presentert på konferanse. Ein artikkel om flyttemotiv er under arbeid. Konesjonen til studien går ut i juni 2023.

3.3.2 International Conference on Sámi Research Data Governance

The Global Indigenous Data Alliance (GIDA) jobbar for å sikre urfolks rett til sjølvbestemming når det gjeld data. I 2021 blei det etablert en samisk undergruppe av alliansen, GIDA Sápmi-nettverket, der SSHF er ein viktig part frå norsk side. I 2022 har gruppa jobba for å arrangere konferansen International Conference on Sámi Research Data Governance, som blei gjennomført i januar 2023. Senter for samisk helseforskning har stått for den praktiske gjennomføringa av konferansen. Forskar Susanna R.A. Siri har også deltatt på konferansar, seminar o.l. for å diskutere og presentere synspunkt på forvalting av urfolksdata.

3.4 Vitskapeleg produksjon, kommunikasjon og nettverksbygging

Senteret registrerer aktivitetane sine i Cristin, både vitskapelege og populærvitskapelege publikasjonar, medieoppslag og føredrag. Fleire av dei tilsette har deltatt fysisk og digitalt på konferansar og seminar i 2022 i tillegg til å representere SSHF i ulike møte.

Publikasjonsliste for 2022 er vedlagt årsrapporten. Det blir lagt stor vekt på å gjere forskingsresultat tilgjengelege for befolkninga, helsearbeidarar og myndigheiter. Senteret har derfor i 2022 gitt ut ei populærvitskapeleg bok som markerer senterets 20-årsjubileum.

Nettsidene til senteret blir brukt til å formidle informasjon om forskingsaktivitet. Det blir publisert nyheitsartiklar, i tillegg til at mykje informasjon både til deltakarar, forskarar og andre interesserte er samla på nettsidene. SAMINOR har ein eigen nettside på saminor.no. I tillegg har andre av prosjekta våre egne undersider. Senteret har også ei side på Facebook (<https://www.facebook.com/SAMINORundersokelsen>), og det blei oppretta ein Instagramprofil (https://www.instagram.com/sshf_saminor/) i 2022.

Ei viktig prioritering for senteret i 2022 har vore kontakt med beslutningstakarar, bidragsytarar og samarbeidspartar i SAMINOR 3.

4 Markering av 20-årsjubileum

I 2021 hadde Senter for samisk helseforskning 20-årsjubileum. Grunna koronapandemien blei markeringa flytta til 2022. 17.-18. mars 2022 inviterte vi til jubileumskonferanse i Kautokeino. Det var 78 deltakarar på konferansen. På programmet var føredrag og samtalar med noverande og tidlegare tilsette på senteret, presentasjon av forskingsprosjekt, helsingar frå sentrale samarbeidspartnarar og støttespelarar, og innspel om vegen vidare for senteret.

På konferansen lanserte vi også boka *Gukhtie mijjine? Gåktu viedjep? Movt mii veadjit? Hvordan har vi det? – Senter for samisk helseforskning 2001-2021*. Boka består av 12 populærvitskapelege kapittel som belyser helse og levkår i vårt fleirkulturelle samfunn i Sápmi. Kvart kapittel i boka er både på norsk og eit samisk språk. Boka er tilgjengeleg både trykt og digitalt. Boka er tilgjengeleg digitalt her:

<https://septentrio.uit.no/index.php/SapReps/issue/view/591>

5 Samarbeid med andre nasjonale institusjonar

SSHF samarbeider med ei rekke nasjonale institusjonar: Samisk nasjonalt kompetansesenter – psykisk helsevern og rus (SANKS), NTNU og befolkningsundersøkinga HUNT, Folkehelseinstituttet, Universitetssykehuset i Nord Norge (UNN), Samisk høgskole i Kautokeino, Folkehelseinstituttet, Várdobáiki samiske senter, i tillegg til forskarar frå ulike institutt ved UiT Noregs arktiske universitet og andre universitet. Ved Institutt for samfunnsmedisin ved UiT, har vi et særleg samarbeid med Tromsøundersøkelsen og NAFKAM som vi har fleire fellespublikasjonar med. Senteret jobbar også i nær dialog med Sametinget.

6 Samarbeid med internasjonale forskingsmiljø

SSHF har eit samarbeid med fleire internasjonale forskingsmiljø. Våren 2022 besøkte vi befolkningsundersøkinga Háldi i Jokkmokk, for å hente inspirasjon og dele erfaringar frå SAMINOR.

Gjennom prosjektet *Perspektiv på covid-19 i samiske samfunn*, samarbeider senteret tett med eit internasjonalt forskingsmiljø frå Canada, USA, Danmark/Grønland, Sverige og Finland. Vi har hatt eit spesielt tett samarbeid med Umeå universitet og Universitetet i Oulu om forskning på konsekvensar av covid-19 i samiske samfunn.

Fleire tilsette frå senteret deltok på konferansen Nunamed i Nuuk på Grønland. Senterleiar Ann Ragnhild Broderstad var keynote på konferansen, og deltok også i eit PhD-seminar i forkant av konferansen. Tre posterar frå senteret blei presenterte på konferansen, i tillegg til at covid-prosjektet blei presentert som innlegg.

Senterets post.doc.-forskar hadde hausten 2022 eit 3 månaders forskingsopphald i Toronto, Kanada.

7 Utfordringar framover

7.1 Tilsettressursar

SSHF har eit stort ansvar som forvaltar av den store helse- og levkårsundersøkinga SAMINOR. Mykje tid og ressursar blir brukt på datainnsamling og tilrettelegging av data for både interne og eksterne forskarar. Dette kjem i tillegg til den vitskapelege forskingsproduksjonen på senteret. Den kompetansen som senteret etter kvart har innan

helsespørsmål om det fleiretniske i nord, er heilt unik også i internasjonal samanheng. SSHF er i tett kontakt med både Folkehelseinstituttet og Utanriksdepartementet om den norske leiarskapen av Arktisk råd. Særskild arbeidsgruppa for berekraftig utvikling har etterspurd kompetansen til senteret.

Etterspurnaden etter senterets kunnskap er derfor betydeleg og aukande, spesielt med tanke på resultat frå SAMINOR. Dette er ei utfordring for eit lite senter med få tilsette og mange små stillingsprosentar. Den store etterspurnaden bidrar til redusert tid til forskning.

Planlegginga og gjennomføringa av SAMINOR 3 er svært ressurskrevjande. Mykje av ressursane i 2022 blei brukt til planlegging av SAMINOR 3 og hadde ikkje vært mogleg utan eksterne midlar utanfor grunnløyvinga. Av det preliminare budsjettet for SAMINOR 3 på kr 140 millionar, er det no midlar til å gjennomføre undersøkinga fram til våren 2024. Framleis er det tydelege signal frå sentrale institusjonar i nord og frå regionale og sentrale myndigheiter, at det er ønskeleg med ei ny datainnsamling der fleire kommunar er inkluderte. Kommunane er sterkt involverte i planlegginga og signaliserer behov for ei ny datainnsamling til det beste for befolkninga. Det har derfor blitt brukt mykje tid til å presentere og formidle pågåande forskning og vidare planar til regjeringa, stortingspolitikarar, fylke, kommunar, Helse Nord, diverse direktorat, fleire sjukehus med fleire.

Samtidig er det utfordrande å finne og rekruttere forskarar med kunnskap om det fleiretniske Noreg samtidig som dei har solid forskningserfaring. Senteret må i stor grad utdanne eigne ressursar. Frå sommaren 2018 inngjekk senteret ein avtale om frikjøp av ein erfaren epidemiologi-professor frå Institutt for samfunnsmedisin ved UiT. Dette har vore særleg vellykka og har styrka rettleiingskapasiteten.

Hausten 2022 tilsette senteret ein kommunikasjonsrådgivar og ein administrasjonsrådgivar i 100 % stillingar som skal jobbe både med senteret og SAMINOR. Andre tilsettingar i 2022 var kortvarige og blei avslutta i løpet av året.

I 2022 betalte senteret til UiT rundt kr 2 millionar i dekningsbidrag og i leigestadskostnader (tenester som biobank og lagringskostnader). Utan eksterne midlar måtte senteret skalert ned drifta. Det er krav til auka dekningsbidrag frå UiT i 2023.

7.2 Finansiering av forskning

SSHF er heilt avhengig av ekstern finansiering. Grunnløyvinga vår på 6,2 millionar er under eit minimumsbeløp for å halde forskingsaktiviteten på dagens nivå. Det er ikkje tilstrekkeleg for å dekke framtidig datainnsamling eller utvide forskingsstaben. I 2022 blei forskingsaktiviteten redusert noko for å kunne bruke tid på planlegging av SAMINOR 3.

Det blir jobba med søknadsskriving som sendast både til forskingsinstitusjonar nasjonalt og internasjonalt, men også til regionale myndigheiter. I 2022 er det både sendt søknader om midlar til SAMINOR og ny forskingsaktivitet. I desember fekk senteret tildelt finansiering frå Helse Nord til eit stipendiatprosjekt med oppstart hausten 2023.

8 Avsluttande ord

SSHF har ein stor produktivitet ut frå dagens økonomiske rammer. SSHF vil halde fram den utstrekte samhandlinga si med mange ulike aktørar både nasjonalt og internasjonalt. Senteret vil føre vidare arbeidet sitt med å kommunisere kunnskapen ut til folket det blir forska på. Kunnskapen er eit viktig bidrag i samsvar med Folkehelseloven og Samhandlingsreformen. Det er derfor samfunnsnyttig forskning senteret bidreg med.

Skal SSHF framleis klare å ta eit så stort ansvar for helsa til befolkninga, må basisløyvinga aukast. Kostnader til forvaltning av SAMINOR-data vil auke i åra framover og dette må også takast omsyn til. Senteret vil framover ha hovudfokuset sitt på SAMINOR 3, noko som kan føre til at forskingsaktivitet blir noko redusert ut 2025.